



UNGFELT

Oppsøkjende arbeid blant ungdom

av Turid Misje og Cecilie Matre.

INNHALD

1. INNLEIING	4
2. PROSTITUSJON BLANT MINDREÅRIGE: TEORETISK UTGANGSPUNKT	5
PROSTITUSJON	5
BARNE- OG UNGDOMSPROSTITUSJON	6
3. BAKGRUNNEN FOR UNGFELT	8
POLITISKE SIGNAL	8
KUNNSKAP OM PROSTITUSJON BLANT UNGDOM	8
PRO SENTRET SITT ARBEID MOT UNGDOMSMILJØA	9
4. MÅLSETJINGAR, AVGRENSING OG METODE	11
MÅLSETJINGAR	11
AVGRENSINGAR I ARBEIDET	11
METODE	12
5. SKILDRING AV GJENNOMFØRINGA	13
FØREBUINGAR	13
ORGANISERING AV DET OPPSØKJANDE ARBEIDET	13
SÆRSKILDE INNSATSAR	14
TAL PÅ PATRULJAR	14
GEOGRAFISK OMRÅDE	15
SAMARBEID OG KONTAKT MED ANDRE INSTANSAR	15
6. PRESENTASJON AV FUNN, RESULTAT OG ERFARINGAR	18
INTRODUKSJON	18
OMRÅDA RUNDT OSLO CITY OG OSLO S	19
ANDRE OMRÅDE, ARENAER OG KONTAKTFORMER	22
OPPSUMMERANDE KOMMENTARAR	26

7. DRØFTING AV ARBEIDSMETODAR	26
OPPSØKJANDE ARBEIDE PÅ EIN UOVERSIKTLEG ARENA	26
Å SNAKKE MED UNGDOM OM PROSTITUSJON	27
NOKRE UTFORDRINGAR I VÅRT SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR	28
8. KVA BØR GJERAST VIDARE?	29
AUKA RESSURSAR OG SATSING NÅR DET GJELD UNGDOMSPROSTITUSJON	29
FØREBYGGING AV UNGDOMSPROSTITUSJON.	30
9. OPPSUMMERING	31
10. LITTERATUR	33
VEDLEGG 1: MAL FOR FELTRAPPORTAR	34

1. INNLEIING

Pro Sentret er eit nasjonalt kompetansesenter for prostitusjon, og Oslo kommune sitt hjelpetiltak for kvinner og menn med prostitusjonserfaring. I tillegg til å yte sosial og helsemessig bistand til kvinner og menn med prostitusjonserfaring, skal Pro Sentret systematisere og formidle kunnskap om prostitusjon, og gje rettleiing til hjelpeapparat, styresmakter og publikum¹.

Pro Sentret sin kunnskap om prostitusjonserfaringar blant ungdom under 18 år kjem i hovudsak frå brukarar som er etablerte i prostitusjonsmiljøet og som no er over 18 år. Brukarane fortel oss om eigne erfaringar frå tidleg prostitusjonsdebut, samt at dei tidvis høyrer om eller sjølv møter gutar og jenter under 18 år på kjende prostitusjonsarenaer. Dette er mellom anna dokumentert i rapportane *Prostitusjonsdebut*² og *Ung prostitusjonsdebut*³. I vårt daglege arbeid møter me mest ingen unge under 18 år med prostitusjonserfaring, korkje på sentret eller gjennom vårt oppsøkjande arbeid på ulike prostitusjonsarenaer.

I perioden juni til desember 2001 hadde Pro Sentret eit særskild fokus på prostitusjonserfaringar blant ungdommar under 18 år. Hovudmålet var å få informasjon om og oversikt over eventuell prostitusjon blant mindreårige. Tilnærminga var i hovudsak oppsøkjande arbeid i Oslo Sentrum. Denne rapporten tek for seg funn og erfaringar frå satsingsperioden. Me har kalla den tidsavgrensa arbeidsinnsatsen ”Ungfelt”, og vil i det vidare nytte denne nemninga om arbeidet.

I 2001 føretok Pro Sentret også ei undersøking blant sosialarbeidarar og politi om deira kjennskap til, møte med og behov for kunnskap om barn og unge som vert utsette for kommersiell seksuell utnytting. På bakgrunn av denne undersøkinga er det skrive ein eigen rapport, *Hjelpeapparatets forhold til kommersiell seksuell utnytting av barn og unge*⁴. Me viser til denne for ein grundig gjennomgang av den kunnskapen som allereie fins om barne- og ungdomsprostituasjon i Noreg, samt for den teoretiske forståinga av prostituasjon generelt og

¹ Pro Sentret sin strategiske plan 2001-2005

² Isachsen m.fl (1996)

³ Jessen (1998)

⁴ Norli (2001)

barne- og ungdomsprostitusjon spesielt. For detaljert oversikt over det øvrige arbeidet til Pro Sentret når det gjelder prostitusjon blant mindreårige viser me til årsoppssummeringa vår frå 2001.

Før erfaringane frå Ungfelt vert presenterte og kommenterte, skal me kort gjere greie for det teoretiske utgangspunktet for arbeidet til Pro Sentret når det gjelder barn og unge i prostitusjon, samt bakgrunnen for Ungfelt.

2. PROSTITUSJON BLANT MINDREÅRIGE: TEORETISK UTGANGSPUNKT

Prostitusjon

Forståinga av prostitusjon som fenomen har vore, og er framleis, gjenstand for stor debatt. Det er mellom anna usemje både om korleis ein skal forstå prostitusjon som samfunnsfenomen og om korleis ein skal forstå dei ulike aktørane som tek del i kjønnshandelen. Graden av frivilligheit og utnytting vert diskutert, samt potensielle skadeverknader av å delta i prostitusjon.

For Pro Sentret har det vore viktig å understreke at prostitusjonen involverer to partar, og me har vald å bruke den definisjonen på prostitusjon som vart nytta i den svenske prostitusjonsgreiinga frå 1977:

Prostitution föreligger när minst två parter köper respektive säljer sexuella tjänster mot (vanligen) ekonomisk ersättning, som utgör en förutsättning för den sexuella tjänsten.⁵

Her vert kjøparen si rolle vektlagt på lik linje med rolla til den som sel og det er kommersialiteten som kjenneteiknar verksemda.

⁵ Sitert i SOU (1995)

Barne- og ungdomsprostituasjon

Lovverk

Sjølv om det ikkje er semje om korleis ein skal forstå fenomenet prostituasjon, er det ingen som aksepterer prostituasjon blant mindreårige. Dette vert understreka av gjeldande lover.

Myndigalderen i Noreg er 18 år. Dette er i tråd med FN sin barnekonvensjon der det i artikkel 1 vert slått fast at *”For så vidt angår denne konvensjonen, menes med barn et hvert menneske under 18 år, med mindre myndighetsalderen nås tidligere ved lovgivning som gjelder barnet”*⁶. Den seksuelle lågaldern i Noreg er 16 år. Seksuell omgang med born under 16 år er difor straffbart uavhengig av om den mindreårige samtykka eller tok initiativ til relasjonen⁷.

Det er i Noreg ikkje ulovleg å selje seksuelle tenester, heller ikkje for unge under 18 år. Derimot vil mindreårige som er involvert i denne type aktivitet verte omfatta av barnevernlova, då gjentakande prostituasjon - i fylgje forarbeida til lova - er vurdert som eit alvorleg åtferdsproblem som krev at særlege tiltak vert i verksette⁸.

Tiltak etter barnevernlova kan setjast i verk overfor born under 18 år. Dette inneber at ungdom mellom 16 og 18 år, trass i at dei har passert den seksuelle lågaldern, ikkje fritt kan avgjera å selja seksuelle tenester utan at det offentlege grip inn. Reglane byggjer på ein tanke om at personar under ein viss alder ikkje har eit tilstrekkeleg medvit i forhold til eigen seksualitet, og soleis treng særskild vern. Denne tankegangen kom òg til uttrykk når seksuallovgjevinga vart revidert i 2000. Ein kom fram til at unge mellom 16 og 18 år har særleg trong til vern mot seksuell utnytting, og kjøp av seksuelle tenester frå personar under 18 år vart kriminalisert. §203 i straffelova seier no:

⁶ Barneombudet (1997)

⁷ Sjø straffelova §§195 og 196

⁸ Sjø mellom anna Lov om barneverntjenester, 17. juli 1992, nr.100, Ot. prp. Nr. 44 (1999-1992) Om lov om barneverntjenester (barnevernlova), Ot. prp. Nr. 60 (1988-1989) Om lov om sosiale tjenester m.v. og NOU 1985:18 Lov om sosiale tjenester m.v.

Den som mot vederlag har seksuell omgang eller handling med en person under 18 år, straffes med bøter eller med fengsel inntil 2 år. Villfarelse om alder utelukker ikke straffeskyld, med mindre aktsom god tro foreligger.

Lova gjeld også når handlinga skjer i utlandet.

Definisjon

Trass i at det er semje om at ein ikkje kan akseptera prostitusjon blant mindreårige, og at norsk lovgjeving underbyggjer dette synet, vil Pro Sentret hevde at eit av problema i diskusjonen rundt og i arbeidet med barne- og ungdomsprostitusjon er at det ikkje fins ei eintydig og sams forståing av fenomenet. Mellom anna fins det inga utvetydig semje om ein definisjon av denne forma for prostitusjon. Dette kan mellom anna leie til at tilsette i hjelpeapparatet som kjem i kontakt med barn og unge med prostitusjonserfaringar ikkje ser kva dei står overfor, og heller ikkje veit korleis dei skal handle i høve til det. For ei utdjuping av dette viser me til den tidlegare nemnde rapporten om hjelpeapparatet sitt forhold til kommersiell seksuell utnytting av barn og unge⁹.

Pro Sentret har førebels vald å nytta ein definisjon som tek utgangspunkt i FN si forståing av omgrepet:

Barneprostitusjon er seksuell utnyttelse av barn som betales med penger eller annen type vederlag. De seksuelle handlingene kan tilbys direkte, eller et mellomledd kan organisere og tilby disse handlingene¹⁰.

Denne definisjonen skil seg vesentleg frå den me nyttar i høve til dei over 18 år. Den mindreårige sin medverknad vert nedtona, og etterspurnad- og marknadssida vert sette i fokus. Det er dei vaksne som har det totale ansvaret uavhengig av den mindreårige si meir eller mindre aktive rolle. Det vert også slått fast at det dreier seg om prostitusjon òg i tilfelle der seksuelle tenester vert bytta mot andre former for vederlag enn pengar.

Sjølv om me vel å bruka denne definisjonen, finn me den ikkje uproblematisk. For ein grundig diskusjon av dei ulike problemstillingane som heftar ved den viser me igjen til Norli (2001). Her vil me nøye oss med å peike på at det vil vere teneleg å skilje mellom

⁹ Norli (2001)

barneprostitusjon og ungdomsprostitusjon. Dette av di det å snakke om prostitusjon i samband med born gjev andre assosiasjonar enn når ungdom er involvert, og av di ulike tiltak må setjast i verk avhengig av alderen til den einskilde. I denne samanhengen vil barneprostitusjon omfatte dei opptil 12 år, og ungdomsprostitusjon dei mellom 13 og 18 år. I Ungfelt er det ungdomsprostitusjon me har retta fokuset mot.

3. BAKGRUNNEN FOR UNGFELT

Politiske signal

Pro Sentret har sidan starten i 1983 vorte finansiert av Oslo kommune og Sosialdepartementet. Både stat og kommune legg difor føringar på arbeidet vårt. I Oslo kommune sin ”*Handlingsplan mot vold, overgrep og prostitusjon 2000-2003*”¹¹ vert det slått fast at førebygging av prostitusjon blant ungdom er eit av kommunen sine mål. Førebygging av prostitusjon vert her definert som ”*å ha oversikt over og kunne handle i forhold til dagens situasjon og hindre at nye rekrutteres til prostitusjon*”¹². Dette meiner me er ein anvendbar definisjon.

Staten ved Sosialdepartementet har ikkje laga egne planar for korleis dei vil arbeide med prostitusjonsfeltet. I den norske oppfylgjingsplanen til Stockholmskongressen mot kommersiell seksuell utnytting av barn i 1996, finst det derimot konkrete tilrådingar til korleis offentlege styresmakter skal arbeida med denne problematikken¹³. Førebygging av prostitusjon blant mindreårige er eit sentralt mål også i denne planen. Det er soleis gjeve klare politiske signal om at arbeid med og førebygging av prostitusjon av mindreårige skal prioriterast.

Kunnskap om prostitusjon blant ungdom

Pro Sentret veit på bakgrunn av mellom anna informasjon frå våre brukarar at det til ei kvar tid er nokre unge under 18 år som prostituerer seg. Det fins derimot lite konkret kunnskap om omfanget av denne ungdomsprostitusjonen.

¹⁰ Ibid.

¹¹ Byrådsavdelingen for eldre og bydelene (2000)

¹² Ibid.

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) gjennomførte i 1996 *Ungdomsundersøkelsen i Oslo*¹⁴. Granskinga vart gjort blant alle skuleelevar i Osloskulen i alderen 14-17 år, og svarprosenten var på nesten 95 %. I undersøkinga vart det mellom anna spurt om erfaringar med sal av seksuelle tenester mot betaling. 148 ungdommar, 1,4 % av dei som svarte, sa at dei nokon sinne hadde utført seksuelle tenester mot betaling. 127 opplyste at dei hadde seld sex det siste året. Av desse 148 var 116 gutar og 32 jenter, og over halvparten oppgav at dei hadde seld seksuelle tenester meir enn 10 gonger. Gjennomsnittsdebutalder for sal av seksuelle tenester var 12,6 år for gutar og 14,1 år for jenter.

I følgje forskarane fell sal av sex blant desse ungdommane inn i eit mønster av problem knytt til alkohol, bruk av narkotika og generelle åtferdsproblem. Dei meiner også at det er større sjansje for sal av seksuelle tenester i den delen av ungdomspopulasjonen som *ikkje* inngår i denne studien, altså dei som tidleg har falle ut av skuleverket. Det er med andre ord truleg at det er fleire ungdommar i Oslo som har prostitusjonserfaring enn det som kjem fram i denne undersøkjinga.

NOVA-granskinga viser at ungdommane som oppgjev å ha seld sex er meir i Oslo sentrum enn andre ungdommar. Dei oppgjev å vera mykje i området rundt Oslo City og Oslo S, då spesielt på kvelds- og nattestid. Undersøkinga viser også at to tredjedelar av desse ungdomane er ukjende for det tradisjonelle hjelpeapparatet. Det er mange oppsøkkjarar og hjelparar i det aktuelle området, men ut frå rapportar mellom anna skrive av Samarbeidsforumet *Ukemøte*¹⁵ ser det ut som om prostitusjonserfaring blant ungdom som oppheld seg i området i liten grad har vore eit tema eller fokus for desse¹⁶.

Pro Sentret sitt arbeid mot ungdomsmiljøa

I den tidlegare nemnde ”*Handlingsplan mot vold, overgrep og prostitusjon 2000 – 2003*” vert det sagt at Pro Sentret er den instans som har mest kunnskap om både prostitusjon generelt og tidleg prostitusjonsdebut spesielt. På bakgrunn av NOVA-undersøkjinga skal Pro Sentret difor

¹³ Barne og familiedepartementet (1999)

¹⁴ Hegna og Pedersen (2000)

¹⁵ Ukemøte er eit samarbeidsforum med faste representantar frå Barnevernvakten, Uteseksjonen, Grønland politistasjon forebyggende avsnitt, Sentrum politistasjon forebyggende avsnitt, Politiposten på Oslo S og Rusmiddeletaten. Hovudmålet med forumet er å utvikle samarbeidsformer mellom deltakarane for å hindre barn og unge sin rekruttering og vidare tilknytning til sentrale rusmiljø (Ukemøte 2001)

¹⁶ Sjå Ukemøte (2000) og Ukemøte (2001)

ta initiativ til eit "aksjonsretta prosjekt" der ein prøver å fange opp nettopp den ungdomsgruppa som vert omtalt i undersøkinga¹⁷.

Dette er heilt i tråd med Pro Sentret sine eigne målsetnader. I vår strategiske plan vert det slått fast at førebygging av prostitusjon blant ungdom skal prioriterast og at me dei næraste åra skal ha ein beredskap mot unge i gateprostitusjonsmiljøa¹⁸.

Våren 2001 avgjorde dermed Pro Sentret at me i perioden juni til desember 2001 skulle ha ei særskild satsing i høve til prostitusjonserfaringar blant ungdommar under 18 år og valde å kalle den Ungfelt. Dette skulle ikkje vera eit prosjekt, men ein tidsavgrensa arbeidsinnsats. Me skulle i fyrste omgang gjere arbeidet ved sjølve å utføre oppsøkjande arbeid i Oslo sentrum, og ved å samarbeide med aktuelle instansar som Uteseksjonen og Barnevernvakten i Oslo. Målgruppa var jenter og gutar under 18 år, då i hovudsak frå 13 år og oppover.

I september føretok me ein intern midtvegsevaluering på bakgrunn av erfaringane me hadde gjort oss so langt. Eit av resultatane av denne var at me etablerte eit enno tettare samarbeid med eit av Uteseksjonen sine oppsøkjande team. Frå oktober til desember gjekk me oppsøkjande patruljar berre saman med "Misbrukerteamet".

Denne rapporten omfattar erfaringar og funn frå heile satsingsperioden, samt informasjon me har fått i denne perioden frå brukarar, samarbeidspartnarar og andre. I tillegg til denne rapporten vil det verte skriva eit sams notat frå Uteseksjonen og Pro Sentret om erfaringane me gjorde i det felles oppsøkjande arbeidet.

¹⁷ Byrådsavdelingen for eldre og bydelene (2000)

¹⁸ Pro Sentert sin strategiske plan 2001-2005

4. MÅLSETJINGAR, AVGRENSING OG METODE

Målsetjingar

Målsetjingane med Ungfelt var formulert slik:

- Me skal starte arbeidet med å få informasjon og oversikt over unge under 18 år som har prostitusjonserfaringar.
- Me skal medverke til at desse ungdomane blir fanga opp av adekvate hjelpetiltak og får hjelp.
- Me skal medverke til førebygging av prostitusjon i samarbeid med aktuelle samarbeidsinstansar.

Avgrensingar i arbeidet

Pro Sentret sitt sosial- og helsefaglege arbeid er inndelt i tre seksjonar. Det vart avgjort at Seksjon for helse og gatenære tiltak skulle vere ansvarleg for Pro Sentret si satsing i høve til unge under 18 år. To av dei fire tilsette i seksjonen skulle ha hovudansvaret for satsinga. Før igangsetjinga vart det gjort klart at seksjonen sine andre arbeidsoppgåver, drift av varmestove og oppsøkjande arbeid på det tradisjonelle prostitusjonsstrøket, skulle gjennomførast som før. Det vart ikkje tilført ekstra ressursar til Ungfelt.

Med desse rammene valde me å nytte oppsøkjande feltarbeid som hovudmetode i arbeidet. Dette var ein metode me kjende frå før. Ved å omdisponere ressursar fekk me rom for oppsøkjande patruljar med fokus på prostitusjon blant unge. Det oppsøkjande arbeidet retta mot ungdom vart fordelt på tre av dei fire tilsette i seksjonen.

Grunna tida og ressursane me hadde til rådvelde var det også naudsynt å avgrense det geografiske området me skulle drive oppsøkjande arbeid i. Me tok utgangspunkt i informasjonen som kom fram i den tidlegare nemnde undersøkinga frå NOVA¹⁹. Ungdom

¹⁹ Hegna og Pedersen (2000)

som oppgav å ha seld seksuelle tenester sa i større grad enn andre ungdommar at dei oppheld seg mykje i sentrum og då spesielt i området rundt Oslo S og Oslo City. Me avgjorde difor å hovudsakleg ha fokus på dette området i Ungfelt. Som me skal koma attende til valde me seinare likevel å utvide det geografiske området for satsinga noko.

Metode

Hovudmetoden i Ungfelt skulle altså vere eige oppsøkjande arbeid blant ungdom i området rundt Oslo S og Oslo City. I tillegg ville me nytte desse delmetodane:

- Gå oppsøkjande patruljar saman med andre instansar som arbeider i dette området, spesielt med Uteseksjonen.
- Samarbeide med våre kjente brukarar i området, då desse er gode informantar.
- Snakke med "alle" som oppheld seg der, slik at dei veit kven me er og kva som er vårt fokus.
- Ha fokus på kjende kundar, og gjennom intern kunnskap og informasjon frå vaktelskap, politi med fleire identifisere dei og observere deira initiativ overfor ungdom.
- Initiere jamlege møte med politi og andre oppsøklarar i området, der me fokuserer på ungdomsprostituasjon.

Oppsøkjande feltarbeid

Dei fire fyrste delmetodane kunne me ta i bruk innanfor rammene av hovudmetoden, altså oppsøkjande feltarbeid. Samarbeid med politi og andre oppsøklarar vil me koma attende når me skildrar gjennomføringa av Ungfelt.

Me delte det oppsøkjande feltarbeidet retta mot ungdom inn i *observasjon* og *kontaktetablering*. Både når me gjekk våre patruljar og når me gjekk saman med Uteseksjonen valde me å veksle mellom å observere enkelte område og situasjonar, og å ta direkte kontakt med dei ungdommane me møtte. Me var som hovudregel to oppsøklarar i kvart team.

Kontaktetablering som metode krev at ein aktivt tek kontakt med dei ein vil snakka med. I vårt arbeid oppsøkte me ungdommar på deira arena, og det var sjølvsagt heilt frivillig om dei ville ha kontakt med oss. Me ynskte å bruka ungdommane som informantar, og det var viktig for oss å informera dei om kva som var målsetjinga med arbeidet vårt. Når det gjeld

observasjon valde me altså å observere enkelte område over lengre tid, for å kunne leggje merke til situasjonar som me trudde kunne handle om ungdomsprostituasjon. Som me skal koma attende til er eit av problema med denne metoden at ein ikkje alltid får stadfesta om det inntrykket ein har av situasjonen stemmer.

Dokumentasjon

Etter kvar feltrunde vart det skriva feltrapportar. Malen for denne er vedlagt. I tillegg har me i satsingsperioden systematisk notert ned anna informasjon me har fått om prostituasjon blant unge under 18 år.

5. SKILDRING AV GJENNOMFØRINGA

Førebuingar

Pro Sentret avgjorde at Ungfelt skulle starta i juni 2001 og vara ut året. I mai kontakta me ulike samarbeidspartnarar. Samarbeidet med andre instansar vil me kome nærare inn på seinare i rapporten.

Me gjennomførte i mai også ni observasjonsrundar i området rundt Oslo S og Oslo City, og det vart gått patruljar både på dag og kveldstid. Dette var for å bli meir kjend i området som for oss var relativt nytt som arena for oppsøkjande arbeid, og for kunne planleggje det vidare oppsøkjande arbeidet betre. Målsetjinga var i hovudsak rein observasjon, men me tok òg kontakt med nokre ungdommar og kjende brukarar i området for å diskutera fokuset vårt. På bakgrunn av desse rundane utarbeida me den tidlegare nemnde feltrapportmalen.

Arbeid med ungdom og oppsøkjande arbeid i ungdomsmiljø var eit relativt ukjent felt for oss som var ansvarlege for Ungfelt. Me deltok difor på seminaret "Utviklingstrekk i ungdomskulturen" som var arrangert av Utekontakten i mai 2001.

Organisering av det oppsøkjande arbeidet

Å gjennomføre oppsøkjande feltarbeid med fokus på mindreårige og prostituasjon kravde som nemnd omdisponering av ressursane til Seksjon for helse og gatenære tiltak. Me avgjorde at det oppsøkjande arbeidet på det tradisjonelle prostituasjonsstrøket skulle reduserast frå to til

ein kveld i veka. Ein kveld kunne dermed nyttast til Ungfelt. Dette var stort sett tysdag kveldar etter varmestova si stengetid frå ca 20.30 til 23.30.

Me ville også drive oppsøkjande feltarbeid på andre tidspunkt. Dette for å få ein best mogleg oversikt over aktiviteten i området rundt Oslo S og Oslo City, og for å få kontakt med ungdommar som er der på ulike tider på døgeret. Seksjonen laga difor rom for nokre oppsøkjande patruljar på dagtid, då i hovudsak måndagar og onsdagar mellom kl. 12.00 og 15.00. Ved å skyve på arbeidstider fekk me i tillegg gjennomført nokre patruljar på ettermiddagstid, stort sett torsdagar frå ca kl. 16.00 til 18.00.

Når det gjeld det felles oppsøkjande arbeidet saman med Uteseksjonen, fann dei fire fyrste patruljane stad tysdag og torsdag kveldar frå 21.00 til 23.00 samt ein ettermiddag frå 17.00 til 19.00. Etter at det i oktober vart etablert eit fast samarbeid med Misbrukerteamet hadde me fram til årsskiftet felles patruljar kvar andre onsdag frå 16.00 til 21.00.

Særskilde innsatsar

I fylgje rapporten frå NOVA oppgjev ungdommar som har prostitusjonserfaring at dei oppheld seg mykje i sentrum på kveldar og i helger. I perioden me førebudde Ungfelt fekk me også melding frå nokre av Pro Sentret sine kjende brukarar om at dei observerte fleire gutar og jenter under 18 år i rusmiljøet i sentrum i helgene enn i vekedagane, samt at dei hadde observert unge jenter på prostitusjonsstrøket i helgene. Med bakgrunn i denne informasjonen valde me å gå oppsøkjande ei helg. Dette var fredag 22.06.01 kl. 20.00 til 01.30 og laurdag 23.06.01 kl. 16.00 til 21.30.

Pro Sentret har tidlegare år vore noko til stades på Norway Cup. Som ein del av Ungfelt ville me drive eit meir aktivt oppsøkjande arbeid i tilknytning til Norway Cup enn tidlegare. Målsetjinga var òg her å få informasjon om prostitusjonserfaring blant ungdom, men me retta innsatsen mot eit breiare lag av ungdomsgruppa. Det vart under Norway Cup gått oppsøkjande patruljar fire dagar, då på ettermiddags- og kveldstid.

Tal på patruljar

I tidsrommet 08.05.01 til og med 31.12.01 har Pro Sentret til saman gjennomført 41 oppsøkjande patruljar der fokuset har vore ungdomsprostitusjon. Hovuddelen av det

oppsøkjande feltarbeidet vart gjort på ettermiddag og kveldstid. Ni av patruljane har vore saman med Uteseksjonen.

Geografisk område

Som nemnd avgrensa me i utgangspunktet feltet for oppsøkjande verksemd til området rundt Oslo S og Oslo City. Undervegs har me utvida feltet noko. Me har vore ein del i området rundt "Riverside", ein ungdomsklubb på Grønland. Årsaka til dette var meldingar frå ein brukar av Pro Sentret om at T-baneoppgangane i nærleiken er område der ungdom sel seksuelle tenester. Den same informasjonen fekk me også sommaren 2000 av to ulike brukarar.

Me har òg brukt ein del tid på Kanalen underholdningssenter i Klingenberggata. Bakgrunnen for dette er kunnskap, spesielt blant dei som har arbeidd med menn som sel sex, om at det ved speleautomatar kan vere lett for eldre menn å kontakte ungdommar og eventuelt lage avtalar om kjøp og sal av seksuelle tenester. Me fekk også tips om at det skulle gå føre seg prostitusjon der mindreårige gutar er involvert på utestader der homofile menn hovudsakleg er klientell, og var difor ein kveld på ein av desse uteplassane.

I tillegg har me vore noko på det tradisjonelle prostitusjonsstrøket på andre tidspunkt enn Pro Sentret har brukt å vere, for å sjå om me treff jenter under 18 år på desse tidene. Når det gjeld innsatsen på Norway Cup avgrensa me området for oppsøkjande verksemd på førehand til tivoliet på Ekeberg og området rundt, samt Broadway diskotek på Karl Johans gate som var ope for deltakarane. Dette av di me visste at dette var område der ungdom samlar seg.

Samarbeid og kontakt med andre instansar

Innanfor rammene for arbeidet vårt var det ikkje realistisk å tru at me aleine skulle kunne oppfylle målsetjinga om å få informasjon og oversikt over unge under 18 år som har prostitusjonserfaring. Dei to andre hovudmålsetjingane krev eit samarbeid med andre i hjelpeapparatet.

Det var difor viktig for oss å få til samarbeid med hjelpeinstansar som er i kontakt med unge under 18 år og som arbeider i området me skulle driva oppsøkjande feltarbeid. Føremålet med samarbeidet var for det første informasjonsutveksling, og for det andre å få instansane til å ha

eit større fokus på ungdomsprostituasjon for dermed å kunne tilby adekvat hjelp til unge med prostituasjonserfaring.

Her vil me berre kort nemne kven me har samarbeidd med, og kva form dette samarbeidet har hatt. Informasjon me har fått gjennom samarbeidet samt diskusjon av samarbeidet kjem me attende til seinare i rapporten.

Uteseksjonen

Me tok tidleg kontakt med Uteseksjonen i Oslo for å diskutere eit mogleg felles oppsøkjande feltarbeid. Dei går dagleg patruljar blant ungdom i området rundt Oslo S og Oslo City. I juni var me til stades på eit personalmøte der me presenterte bakgrunnen for Ungfelt og la fram eit forslag om felles oppsøkjande patruljar der fokuset skulle vera ungdomsprostituasjon. Me fekk raskt tilbakemelding om at Uteseksjonen syntest dette var ein god idé, og me gjennomførte den fyrste felles patruljen 10.07.01.

Når Uteseksjonen og Pro Sentret har gått saman, har me delt oss i to patruljar der baa instansane har vore representert i kvar patrulje. Dette for å kunne dra nytte av kvarandre sin kompetanse. Dei fire fyrste felles patruljane gjekk me saman med ulike team frå Uteseksjonen. Då me såg at det var ynskjeleg med meir kontinuitet i arbeidet, vart det etter midtveisevalueringa avgjort at me skulle samarbeide fast med eit team, det såkalla Misbrukerteamet. Medarbeidarane i det teamet er dei som brukar mest tid i området rundt Oslo S og Oslo City.

Politiet

Politiposten på Oslo S har eit videoprojekt der dei har kamera som dekkjer store deler av det området me skulle drive oppsøkjande arbeid i, og som dei følgjer med på mest heile døgeret. Dei skal ha eit særskild fokus på barn og unge, spesielt i tilknytning til rusmiljøet. Dette gjorde at me kontakta dei for eit samarbeidsmøte der me informerte om Ungfelt. I tillegg var me med ujamne mellomrom innom posten samt i telefonkontakt med medarbeidarane der for informasjonsutveksling.

Utanom denne kontakten med politiet har me under oppsøkjande patruljar snakka om fokuset vårt med polititenestemenn me har møtt. Ingen av dei polititenestemennene me møtte kjende til at det no er forbode å kjøpa seksuelle tenester av personar under 18 år.

Samarbeidsforumet Ukemøte

Me har tidlegare gjort greie for deltakarane i og målsetjinga med dette forumet. Forumet har faste møte kvar veke i sommarhalvåret og månadleg i vinterhalvåret.

Som nemnd meinte me at å initiere jamlege møte med politi og andre oppsøkjalar i det aktuelle området, der fokuset skulle vera ungdomsprostituasjon, var ein metode som kunne bidra til å fange opp ungdommar med prostituasjonserfaring. Då Pro Sentret vart kjend med at Ukemøtet eksisterte, melde me interesse for å delta i dette forumet heller enn å opprette nye samarbeidsforum med dei same deltakarane. Initiativet vårt vart teke opp med dei faste deltakarane, men me fekk tilbakemelding om at det ikkje var mogleg då det var rusbruk og ungdom som var i fokus på Ukemøtene.

Ukemøte har arrangert tre fagdagar i 2001. Her har fleire oppsøkjalar og andre som er i kontakt med mindreårige i sentrum vore invitert. Pro Sentret har på fagdagan lagt fram NOVA-rapporten og det den kommunale handlingsplanen seier vedrørende ungdomsprostituasjon, samt presentert Ungfelt for dei andre deltakarane.

Bypass

Bypass er eit valdsførebyggjande prosjekt for sivilt vernepliktige i Oslo, og driv mellom anna oppsøkjande arbeid på skular i Oslo og i sentrumsområda. Me etablerte eit samarbeid etter å ha møtst på Ukemøtefagdag, der representantar frå Bypass gav uttrykk for å vera interesserte i meir kunnskap om prostituasjon. Pro Sentret har delteke på rettleiingsmøte og introduksjonskurs for "bypassarar". Bypassarane har av leiaren sin vorte spesielt oppmoda om å notera informasjon om mogleg ungdomsprostituasjon i rapportane sine. Pro Sentret har med ujamne mellomrom vore i kontakt med Bypass for å utveksla informasjon.

Andre

I tillegg til desse hjelpeinstansane har me per telefon vore i kontakt med Nadheim, prostituasjonstiltak i regi av Kirkens Bymisjon og Barnevernvakten i Oslo for å få informasjon om kva dei veit om ungdomsprostituasjon.

Me har også hatt eit møte med vektalar i vaktelskapet Falken som er ansvarlege for vakthaldet på Oslo S, samt at me kontakta desse og andre vaktelskap når me har treft på dei i vårt oppsøkjande arbeid. Dette er personar som opphøld seg svært mykje i området som var i

fokus for Ungfelt, og me var interesserte i deira kunnskap om prostitusjon blant unge under 18 år i det aktuelle området.

6. PRESENTASJON AV FUNN, RESULTAT OG ERFARINGAR

Introduksjon

I det fylgjande skal me presentere funn og erfaringar frå vårt eige oppsøkjande arbeid, samt informasjon me i satsingsperioden har fått frå brukarar, samarbeidspartnarar og andre me har snakka med om ungdomsprostitusjon i Oslo sentrum. Når me i det følgjande brukar nemninga 'ungdomsprostitusjon' meiner me situasjonar der ungdom er involverte som me trur handlar om kjøp og sal av, eller etterspørsel etter, seksuelle tenester.

Me har gjennom vårt oppsøkjande feltarbeid teke kontakt og snakka med 155 personar. 69 av dei er unge under 18 år, og av desse er 26 jenter og 43 gutar. Dei andre me har snakka med har vore personar som har opphelde seg mykje i området me har arbeida i, og som me difor tenkte kunne ha verdfull informasjon. Nokre kontakta me av di me trudde dei var mindreårige, men dei viste seg å vere over 18 år. Me har snakka både med personar som er tilknytte det etablerte rusmiljøet og personar me ikkje har hatt nokon grunn til å tru at er det.

Når me har observert har me sett etter situasjonar der vaksne menn - her definert som 25 år og oppover - er i eller tek kontakt med gutar eller jenter under 18 år, som dei tilsynelatande ikkje kjenner frå før. Me har vore særskild merksame på kjende kundar, det vil seie menn me frå før kjenner til kjøper sex frå kvinner og menn.

Ved å opphalde oss i eit område over tid, har me ved fleire høve vorte merksame på situasjonar me har meint handla om ungdomsprostitusjon. Det er viktig å understreke at me i hovudsak ikkje har fått snakka med nokon av partane i etterkant, og at me difor ikkje veit sikkert om vårt inntrykk av situasjonane stemmer. Me har difor vald å gje detaljerte skildringar av nokre observasjonane, for å vise kva me byggjer tolkingane våre på, og for å legge til rette for eventuelle alternative tolkingar.

Områda rundt Oslo City og Oslo S

Observasjonar og informasjon knytt til mindreårige jenter og prostitusjon

Fleire av Pro Sentret sine brukarar har fortald oss at kundar har sagt at dei ”plukkar opp” jenter under 18 år utanfor Oslo City, og at desse jentene utfører seksuelle tenester mot betaling. Ein vektar på kjøpesenteret fortel at han har høyrte at dette førekjem, men at korkje han eller kollegaene hans har sett noko konkret. Fleire mindreårige jenter har derimot fortald oss at dei får uønska merksemd og kommentarar av vaksne menn utanfor Oslo City, og at dei oppfattar dette som å vera av seksuelle karakter. To av desse fortalde at dei hadde fått det dei meinte var konkrete tilbod av menn om å selje seksuelle tenester. Den eine, ei jente på 17 år, fortalde: *”En gang jeg var utenfor Oslo City stoppet en mann meg, sikkert minst 60 år, og lurte på om jeg ville bli med han bak og tjene 500 kroner”*. Ho hadde avvist han. Den andre jenta hadde også avvist mannen som kom med tilbod til henne, men kommenterte det å få slike tilbod på denne måten: *”Man må nesten regne med det når man tar på seg korte skjørt og oppholder seg i dette området”*.

Sommaren 2000 fekk Pro Sentret melding frå ein samarbeidspartnar om at det føregjekk prostitusjon blant unge jenter på parkeringsplassen ved Christian Fredriks plass. Pro Sentret gjekk då fleire patruljar i området, men såg ikkje på det tidspunktet noko me trudde handla om ungdomsprostitusjon. I satsingsperioden har me brukt ein del tid ved parkeringsplassen. Me har ved fleire høve observert unge jenter, 16-18 år, som oppheld seg ved parkeringsplassen over tid, som tydeleg ventar på nokon og som etter kvart har blitt henta av einslege vaksne menn i bil. Me har også sett vaksne kvinner me veit sel seksuelle tenester koma ut av eller bli henta av bilar på parkeringsplassen. Ved eit tilfelle observerte me ei ung jente, 17-18 år, som kom frå ”Plata”, der mykje av den openlyse narkotikaomsetnaden i Oslo skjer, og gjekk bort til ein bil som stod parkert. Ho stod ei stund og snakka med sjåføren, som var ein vaksen mann, og det såg for oss ut som om ei avtale vart laga. Ho gjekk inn i bilen og dei køyrde ut frå plassen. Ein gut på 20 år som er mykje i dette området fortalde oss at han hadde sett liknande situasjonar, der både unge gutar og jenter har gått inn i ventande bilar. Han trur dette dreier seg om prostitusjon.

Nokre av dei mindreårige jentene me har snakka med har fortald oss at dei i området rundt Oslo S har fått tilbod om å selje seksuelle tenester. Ei jente på 17 fortel at ho har fått slike tilbod fleire gonger, ved eit av høva vart ho også tilbode arbeid på ein strippeklubb. Ho seier

at ho har avvist tilboda. Ei av Pro Sentret sine brukarar, som no er 18 år, fortel at ho fyrste gong selde seksuelle tenester då ho var 16 år gammal. Ho vart då stoppa av ein eldre mann utanfor Østbanehallen, som tilbaud ho pengar mot at ho vart med han heim for å ha sex.

Me har i satsingsperioden vorte merksame på ein mann me veit kjøper sex på det tradisjonelle prostitusjonsstrøket. Me har ved fleire høve sett han på Cafè Opus på Oslo S. Han har då, aleine eller saman med ein annan mann, sete ved eit bord der dei har god oversikt over alle som oppheld seg i avgangshallen. Ved eit høve var mannen i kontakt med ei jente, 14-16 år, som han tilsynelatande ikkje kjende frå før. Dei gjekk saman frå Oslo S, og me fekk ikkje følgd opp hendinga. Me trur at dette kan ha vore ein situasjon der kjøp og sal av seksuelle tenester kan ha vore involvert.

Me har også fått informasjon frå samarbeidspartnarar som indikerer at området rundt Oslo S kan vere ein arena for ungdomsprostituasjon der unge jenter er involverte. Som nemnd vart sivilarbeidarane tilknytt Bypass bedne om å vera særskild merksame på mogleg prostituasjon blant ungdom. Me har fått tilbakemelding om at dei ved to ulike høve har observert situasjonar ved Østbanehallen som dei meiner kan ha handla om prostituasjon, båe desse involverte unge jenter og eldre menn.

Videoprojektet har kamera som dekkjer området rundt Oslo S. Dei fortel at dei er merksame på ein handfull vaksne menn som dei ved fleire høve har observert i ferd med å ta kontakt med mindreårige jenter. Av dei gongene dei har fått gripe inn i situasjonen, har det ved nokre høve vist seg at mennene hadde kome med konkrete tilbod om å tena pengar på sex, som jentene har avvist. Ved andre høve har jentene kjent mennene og hatt deira telefonnummer, og området rundt Oslo S har vore ein møteplass. Kor vidt kjøp og sal av seksuelle tenester har vore involvert var i desse tilfella ikkje mogleg å stadfeste, men dei tilsette på videoprojektet hadde sterke mistankar om dette.

Observasjonar og informasjon knytt til mindreårige gutar og prostituasjon

Som nemnd har me snakka med ein gut på 20 år som meiner at det føregår prostituasjon blant både mindreårige gutar og jenter på parkeringsplassen ved Christian Fredriks plass. Utanom dette har me ikkje fått informasjon om ungdomsprostituasjon der mindreårige gutar har vore involverte. Ingen av samarbeidspartnarane våre har hatt kunnskap om dette, og ingen av

gutane me har snakka med har fortald at dei har fått tilbod om å selje seksuelle tenester i dette området.

Me har derimot hatt fleire observasjonar som me meiner har handla om ungdomsprostituasjon der mindreårige gutar har vore involverte. Ein av episodane skjedde utanfor Oslo City. Me vart merksame på ein eldre mann, rundt 60 år, som tydeleg venta på nokon. Etter ei stund kom ein gut, 17-19 år, som snakka høgt i mobiltelefonen sin. Han stoppa rett ved den eldre mannen og me kunne sjå at dei veksla blick, men dei snakka ikkje saman. Guten snudde og gjekk attende, og mannen gjekk etter han. Me såg dei ikkje att. Me trur at Oslo City her kan ha vore møtestad for ei tidlegare inngått avtale.

Ved eit anna høve observerte me ein kunde me veit kjøper sex av menn. Han prøvde å få kontakt med ein ung gut, 14-16 år, som me hadde sett gå fleire gonger fram og tilbake mellom stasjonshallen på Oslo S og Østbanehallen. Det me oppfatta som eit forsøk på å få kontakt skjedde ved toalettet på Oslo S. So vidt me kunne sjå, vart det ikkje etablert nokon form for kontakt mellom dei på dette tidspunktet, men me fekk ikkje snakka med guten i etterkant. På bakgrunn av informasjon me har om mannen frå før trur me at han var ute etter kontakt med guten for å tilby betaling for seksuelle tenester.

Kommentarar

Området rundt Oslo City og Oslo S er eit område med mange butikkar og mange reisande, samt at mykje av den synlege narkotikaomsetnaden i Oslo skjer her. Det er difor ikkje lett å seie kva som er kva av alt det som skjer i området. Me meiner likevel at observasjonane me har gjort saman med informasjonen me har fått av ungdommar og samarbeidspartnarar gjev grunnlag for å hevde at det er sterke indikasjonar på at dette er eit område der det føregår ungdomsprostituasjon, og at det heilt klårt fins etterspørsel etter dette.

I NOVA-rapporten me har referert til tidlegare kjem det som nemnd fram at ungdommar som oppgjev å ha seld seksuelle tenester også seier at dei ofte oppheld seg i dette området. Det vert derimot ikkje sagt noko om kvar prostituasjonskontaktane vert etablert eller kvar det faktiske sexsalet skjer. Sjølv om me meiner at det er grunnlag for å hevde at det føregår ungdomsprostituasjon i området rundt Oslo City og Oslo S, trur me ikkje at dette er den einaste, og truleg heller ikkje den største, arenaen for ungdomsprostituasjon i Oslo.

Under Ungfelt har me fått informasjon om andre kontaktformer og arenaer for ungdomsprostituasjon. I det fylgjande vil me presentere og kommentere denne informasjonen samt observasjonar me har gjort på arenaene.

Andre område, arenaer og kontaktformer

Spelehallar

Pro Sentret kjenner frå sitt arbeid til at spelehallar og speleautomatar er arenaer der mannlege kjøparar og seljarar av seksuelle tenester møtes. Me har i satsingsperioden gjort nokre observasjonar i tilknytning til speleautomatar, der unge gutar har vore involvert, som me har meint kunne handle om ungdomsprostituasjon.

Under Norway Cup har me opphalde oss ein del ved speleautomatane på tivoliet på Ekebergsletta. Ved eit høve såg me ein mann på rundt 30 år som med blikkontakt og kroppsspråk prøvde å få kontakt med ein gut me seinare fann ut var 15 år. Me var ganske nær situasjonen og oppfatta at mannen signaliserte til guten at han skulle følgje etter. Dette gjorde guten eit lite stykke, før me tok kontakt med han. Guten sa han hadde trudd at mannen ynskte å kjøpa billetter han hadde vunne på ein speleautomat. Me kan ikkje vite kva mannen sine intensjonar var, men me oppfatta ikkje at han var interessert i billetter.

Me har brukt ein del tid på spelehallen *Spill & Vinn* på Oslo S. Her oppheld det seg mange vaksne menn, og me har ved fleire høve observert mindreårige gutar der trass i 18 års aldersgrense²⁰. Me vart ved eit høve merksame på ein ung gut på mellom 16 og 19 år. Han var på spelehallen utan å spele, og prøvde tydeleg å få kontakt med nokre av dei vaksne mennene. På ein annan patrulje observerte me på ny ein av mennene guten tidlegare hadde prøvd å få kontakt med. Mannen såg mykje på klokka, og lata til å vente på nokon. Etter ei kort tid kom den same guten mot spelehallen. Dei to snakka ikkje med kvarandre, men kommuniserte ikkje-verbalt, og dei gjekk saman frå spelehallen.

²⁰ Me har fått informasjon om at det no sit vektarar på *Spill & Vinn* for å handheva aldersgrensa

Me kan ikkje vite sikkert kva nokon av desse to episodane handla om. Me hadde ikkje sett hendingane om me ikkje hadde vore særskild merksame og fokuserte, og det kan sjølvsagt henda at me tolka dei feil. Me meiner at observasjonane uansett viser at dette er arenaer der vaksne menn kan koma i kontakt med mindreårige gutar på ein tilforlateleg måte, og at dei kan fungera som møtestader etter at avtalar er inngått på førehand.

At speleautomatar kan vera ein kontaktarena for ungdomsprostitusjon fekk me også stadfesta då me snakka med fire somaliske gutar mellom 16 og 18 år, som spelte på ein automat. Dei hadde ikkje sjølve fått tilbod om å selga seksuelle tenester, men ein av dei sa:

Det er jo noe alle vet, at hvis det er to eller flere kompiser ved en spilleautomat så tør det ikke komme bort menn med sånne tilbud, men hvis du er aleine da tør de...da kommer de..det er bare noe du vet, sånn er det bare.

Utestadar

Ein mann rundt 30 år som sel seksuelle tenester på det tradisjonelle prostitusjonstrøket har fortald oss at det går føre seg sal av sex med mannlege kjøparar og seljarar på fleire av utestadane i Oslo der klientellet i hovudsak er homofile menn. Han sa også at han ved fleire høve har fått spørsmål frå kundar på desse stadene om han kjenner yngre gutar som vil ha sex mot betaling. Han har også på desse stadane treft gutar ned i 13 år som har spurt etter tips om kven av dei eldre mennene som har mykje pengar. Under Ungfelt brukte me som nemnd ein kveld på ein av desse utestadene. Me gjorde då ingen observasjonar som me knytte til ungdomsprostitusjon.

Tigging

Prostitusjonstiltaket i Bergen har hatt kontakt med kvinner som fortel at deira fyrste prostitusjonserfaringer var med menn dei møtte ved å tigge pengar på gata²¹. Ei av våre brukarar som no er 19 år, fortel at ho som 15-åring hadde sine fyrste prostitusjonserfaringar på denne måten. Me har i satsingsperioden ikkje observert korkje unge jenter eller unge gutar som tigg pengar i Oslo Sentrum. Videoprojektet på Oslo S har derimot registrert to ulike jenter under 18 år som tigg pengar på Karl Johan. Ei av desse såg dei seinare saman med ein av dei vaksne mennene som dei meiner er ute etter å koma i kontakt med unge jenter.

²¹ Holmefjord og Pedersen (2000)

Vaksne menn og kvinner som tigg i Oslo sentrum sa at dei møter ungdommar som bommar pengar, særleg i helgene og seint på kvelden. Ei av dei, ei jente på 21 år fortalde at ho kvar dag får opptil 15 - 20 tilbod frå menn om ”å bli med heim”, noko som ho tolka som å handle om å få betalt for seksuelle tenester. Ho gjekk ut frå at ungdommar som bommar pengar får det same tilbodet.

Det tradisjonelle prostitusjonsstrøket.

Barnevernvakten fekk i 2001 inn ti meldingar om prostitusjon blant mindreårige på Strøket. Det var til saman sju jenter under 18 år involvert. Det er politi, pårørande eller forbipasserande som har gjort dei merksame på desse jentene. Ei kvinne på 23 år som brukar Pro Sentret fortel at ho over ein lengre periode hadde kontakt med ein kunde som trudde at ho var under 18 år. I den perioden kunden trudde ho var under 18 år betalte han henne ekstra pengar for seksuelle tenester. Fleire av våre brukarar fortalde at dei blir spurd av kundar om å ”skaffe” dei mindreårige jenter. I eit høve ville kunden betale kvinna 2000 til 5000 kroner dersom ho klarde å sette han i kontakt med jenter under 18 år.

Me gjekk ein oppsøkjande patrulje på Strøket under Norway Cup. Me møtte då ein gutegjeng i alderen 12-15 år som stod på skateboard i området rundt Bankplassen. Dei budde på hotell i nærleiken og var i Oslo grunna Norway Cup. Den eine guten fortalde han litt tidlegare hadde blitt kontakta av ein eldre mann som spurde om han ville ”suge han” mot å få pengar.

Pro Sentret fekk med jamne mellomrom meldingar frå brukarar om at dei hadde treft jenter under 18 år på Strøket. I dei høva me fekk sjekka dette ut viste det seg at jentene var over 18 år. I løpet av Ungfelt har korkje Pro Sentret, Nadheim eller Uteseksjonen møtt nokon under 18 år som prostituerer seg på det tradisjonelle prostitusjonsstrøket i Oslo. Dette tyder sjølvsagt ikkje at ungdomsprostitusjon ikkje førekjem her. På grunnlag av informasjon frå Barnevernvakten og våre brukarar kan me slå fast at det er jenter under 18 år som sel sex på Strøket. Me trur likevel ikkje omfanget er stort. Det er likevel klårt at det på det tradisjonelle prostitusjonsstrøket er *etterspørsel* etter seksuelle tenester frå mindreårige, både gutar og jenter.

Ungdommane sitt nærmiljø

Barnevernvakten har fortald at dei i tillegg til dei mindreårige jentene som sel sex på strøket, kjenner til ein del ungdom med rusproblem som dei trur sel seksuelle tenester. Dette skjer i

ungdommane sitt heimemiljø, ikkje i Oslo Sentrum. Ein av dei ansvarlege for Ungfelt har i satsingsperioden også jobba på eit kollektiv for ungdom med rusproblem. Ho har diskutert temaet prostitusjon blant unge med nokre av ungdommane der. Tilbakemeldingane ho har fått har vore at prostitusjon der unge er involverte i hovudsak skjer i ungdom sitt nærmiljø, ikkje i sentrum, i alle høve dei første gongane. Dette vert til ein viss grad stadfesta av Pro Sentret sine brukarar, men mange fortel også at dei hadde sin prostitusjonsdebut på kjende prostitusjonsarenaer som Strøket.

Internett

ECPAT Sverige peikar i sin rapport *Kommersiell sexuell exploatering av barn i Sverige*²² på at Internett fungerte som kontaktforum for kjøp og sal av seksuelle tenester for fleire av ungdommane som var med i deira undersøking. I Bergen byrett fall det 12. november 2001 dom mot to menn som skal ha kome i kontakt med to jenter på 14 år på Internett og betalt dei for seksuelle tenester. Asker og Bærum budstikke har på nettsida *Spraydate* funne fleire døme på at 12- og 13-årige jenter får tilbod om sex mot betaling av vaksne menn²³. I nokre av situasjonane me har skildra ovanfor har me meint at arenaen der me gjorde observasjonen fungerte som møtestad for ein tidlegare inngått avtale. Internett *kan* her ha vore kontaktforum. At Internett er ein arena for ungdomsprostitusjon meiner me det ikkje kan vere tvil om. Dette er også inntrykket samarbeidspartnarane våre sit me. Førabels fins det for lite kunnskap i Noreg om denne arenaen for ungdomsprostitusjon til å seie noko om omfanget av den.

Ukjend arena

Me har fått noko informasjon om ungdomsprostitusjon der me ikkje har fått utdjupande kjennskap til arenaer eller kontaktformer. Frå Bypass har me fått melding om at ei jente på 16 år som rusar seg tungt hadde fortald til ein sivilarbeidar at ho måtte finansiere rusmisbruket sitt ”på en spesiell måte”. Han hadde tolka det som å handle om sal av seksuelle tenester. Ein gut på 17 år fortalde oss at han kjenner til fleire gutar på hans alder som ”får ting” mot å ha sex med eldre menn. Ein gut på 23 år som tilhøyrrer rusmiljøet sa at han har to venninner på 17 år som han veit sel sex per telefon.

²² ECPAT Sverige

²³ Asker og Bærum Budstikke 09.01.02

Oppsummerande kommentarar

Når me har snakka med ungdom og samarbeidspartnarar har me fått iaugefallande meir informasjon om jenter enn om gutar. I NOVA undersøkinga som me tidlegare har referert til, er to tredjedelar av dei som svarer at dei har seld seksuelle tenester gutar. At me har fått meir informasjon om jenter enn om gutar trur me difor ikkje tyder at det er fleire jenter enn gutar som er involverte. Me trur heller dette kjem av at det at menn og gutar sel sex er enno meir tabulagt enn prostitusjon der kvinner og jenter er seljarar. Observasjonane me sjølve har gjort involverer like ofte gutar som jenter.

7. DRØFTING AV ARBEIDSMETODAR

Oppsøkjande arbeide på ein uoversiktleg arena

Hovudmetoden me brukte for å få oversikt over ungdom med prostitusjonserfaringer var altså oppsøkjande feltarbeid i Oslo sentrum. Områda rundt Oslo S og Oslo City er uoversiktlege og det er mykje aktivitet der. Me opplevde at det var lett å bli opphengt i desse aktivitetane, og til tider var det vanskeleg å halde fokuset på prostitusjon. I eit slikt trafikkert område trengst det tålmod, konsentrasjon og eit ope og trent blick for å sjå eventuell prostitusjon. Me opplevde at det var vanskeleg å "sile" kven me skulle ta kontakt med. Det var svært mange ungdommar tilstades til ei kvar tid, både på dag-, ettermiddag-og kveldstid.

I løpet av satsingsperioden har me ikkje hatt kontakt med nokon under 18 år som har fortald oss at dei sjølve har erfaring med å selje seksuelle tenester. Pro Sentret sine erfaringar frå arbeid med kvinner og menn tilseier at det for mange kan være ein lang og tøff prosess å fortelje om sine prostitusjonserfaringar. Ein av føresetnadene for å ville fortelje om sine erfaringar er å ha tillit til den ein snakkar med. Med våre rammer møtte me ungdommane berre sporadisk, og greidde dermed ikkje å opparbeide tillitsfulle relasjonar med nokon av dei me møtte. Det kan sjølvsagt vere at ingen av dei me har snakka med har eigne prostitusjonserfaringar. Men det kan også hende at dei ikkje synest det var naturleg å fortelje oss om eventuelle erfaringar dei hadde.

Prostitusjon blant unge under 18 år i Oslo er lite synleg i det offentlege rom. Me har difor konsentrert oss om å observere situasjonar der me har sett vaksne menn som er i eller tek

kontakt med ungdommar det ikkje ser ut som om dei kjenner frå før. Tydeleg aldersforskjell mellom dei to partane har for oss vore viktige kjenneteikn på slike situasjonar. Det har vore vanskeleg å identifisere situasjonar der unge eventuelt får tilbod av jamgamle om å selje seksuelle tenester.

Å snakke med ungdom om prostitusjon

I løpet av Ungfelt erfarte me at å snakke med ungdom om prostitusjon var svært utfordrande. Hovudutfordringa for oss var å presentere målsetjinga vår, og oss sjølve, på ein slik måte at me fekk ein dialog med ungdommane.

Me brukte mykje tid på å diskutere kva ord me skulle bruke for å få til ei god samtale om prostitusjon. Me fekk ulike samtaler med ungdom utifrå kva ord me brukte. Brukte me ordet 'prostitusjon' tidleg i samtalen blei me ofte raskt avvist med utsegner som "Dette vet jeg ingen ting om" eller "Hvorfor snakker du med meg om dette? Jeg er ikke prostituert".

Kommentarar som dette kan tolkast som at ungdommane har gjort seg opp ein meining om kva som kjenneteiknar ein person som sel seksuelle tenester. Prostitusjon er eit tema som er forbunde med mytar og fordommar i ungdomsgruppa som elles i samfunnet. Mange assosierte prostitusjon med rusmisbrukande kvinner som prostituerer seg på gata. Dei var ikkje komfortable med ordet og dei identifiserer seg ikkje med det. Ved å formulere oss på andre måtar, som "å få ting mot sex", "få tilbod av ukjente vaksne om å bli med heim", "å ha sex for å få stoff", delte ungdommane lettare erfaringane sine med oss.

Når me har gått oppsøkjande i sentrum, har me vore anonyme i miljøet. Me hadde ingen ytre kjenneteikn som gjorde at ungdommane kunne identifisere oss. Me har sjølve måtta kontakte ungdommane for at dei skulle vite kven me var. Når me har teke kontakt, reagerte mange av ungdommane spontant med utsegner som nemnd tidlegare.

Under Norway Cup prøvde me ein ny vri for å få kontakt med ungdommane. Me ynskte at ungdommane med fyrste augekast skulle forstå kven me var. Me ville synleggjere nærveret vår og budskapet vår om prostitusjon. Dette gjorde me ved å ha på oss like T-skjorter med tekst når me gjekk oppsøkjande. På framsida av skjortene stod det "Si nei til prostitusjon" og på baksida "Sett egne grenser" på baksida. Det var tydeleg at ungdommane las kva som stod på T-skjortene, og me opplevde at dei var nysgjerrige på oss. På Norway Cup var dette ein

god innfallsvinkel til å få i gang ein dialog med ungdommane. Me opplevde at det var ungdommane som tok initiativ til den fyrste kontakten, og me følgde den opp ved å få fram ungdommane sine tankar kring prostitusjon.

Som tidligare nemnd er det ikkje uproblematisk å finne ein god definisjon på prostitusjon der unge er involverte. Det kan være prostitusjon også der sex blir bytta mot andre ting enn pengar. Fleire av Pro Sentret sine brukarar fortel at dei i ettertid kan sjå at dei hadde sine første prostitusjonserfaringar i kjærastelikkande forhold, men at dei på det tidspunktet ikkje definerte det som prostitusjon. Ungdomstiltaket ”Riverside” har fortald at dei kjenner jenter under 18 år som har kjærasteforhold til eldre gutar og menn i alderen 16-45 år. Dei meiner å sjå at jentene blir utnytta, og at nokon av forholda kan minna om prostitusjon då jentene får rusmiddel mot å ha sex. Ein skal sjølvstundt vera forsiktig med å definere dette som prostitusjon, men me meiner det er viktig at me og hjelpeapparatet elles er merksame på desse ”gråsoneforholda”. Ved at ein snakkar med ungdommane om slike forhold kan ungdommar kanskje verte meir medvitne på eigne val og grenser.

Nokre utfordringar i vårt samarbeid med andre instansar

Å formidle vår kunnskap om prostitusjon der ungdom er involvert til andre i hjelpeapparatet ser me på som viktig i vårt førebyggjande arbeidet. I Pro Sentret sin rapport *Hjelpeapparatets forhold til kommersiell seksuell utnytting av barn og unge*²⁴ kjem det fram at tilsette i hjelpeapparatet har liten kjennskap til prostitusjon blant unge. Mangel på kunnskap gjer at dei har eit uavklara forhold til ungdomsprostituasjon. Det gjer også at dei ikkje veit korleis dei skal forhalde seg til dette fenomenet og dermed blir passive.

Ofte blir prostitusjon sett i samanheng med rusproblem og ikkje som eit problem i seg sjølv. Hjelpeapparatet set lett i verk hjelpetiltak for rusbruket og usynleggjer dermed behovet for hjelp/tiltak i forhold til prostitusjon. Tilsette i hjelpeapparatet gjev uttrykk for å synast det er eit vanskeleg tema å snakke om fordi det er så tabubelagt, og difor heller ikkje spør ungdommen om dette²⁵.

I NOVA-rapporten kom det fram at ungdommane som hadde prostitusjonserfaringar var inne i eit mønster av problem knytt til alkohol, narkotika og generelle åtferdsproblem. Pro Sentret

²⁴ Norli (2001)

²⁵ Ibid.

veit at rusbruk kan være ein av fleire innfallsvinklar til å starte med prostitusjon, gjerne i tidleg ungdomsalder. Med utgangspunkt i dette ynskte me å delta på "Ukemøte" som har ungdom og rusbruk som fokus. Som tidlegare nemnt fekk me ikkje positiv respons på vårt initiativ om å få delta på desse jamlege samarbeidsmøta mellom politi, Barnevernvakten og Uteseksjonen. Me meiner at dette er eit samarbeidsforum me burde ha vore naturlege deltakarar i.

Med den avgrensa tida me hadde til rådvelde valde me å prioritere etablering av eit samarbeid med Misbrukerteamet ved Uteseksjonen. Medlemmar av dette teamet deltok også på eit kurs om prostitusjon i regi av Barne- og familiedepartementet og Høgskolen i Oslo, som Pro Sentret gjennomførte. Vårt samarbeidet med Uteseksjonen har vore fruktbart for å dra nytte av kvarandre sin kunnskap og spisskompetanse. Me fekk kunnskap om ungdomsmiljøet og vart presenterte for mange ungdommar dei kjende. Uteseksjonen fekk kjennskap til det me veit om prostitusjon. Misbrukerteamet ved Uteseksjonen har også tidligare hatt fokus på prostitusjon, men seier at vårt samarbeid har ført til at dei no er blitt tryggare på å handtere situasjonar som er relaterte til prostitusjon. Terskelen for å gripe inn i situasjonar der dei ser unge som er i kontakt med ukjente vaksne har blitt lågare. Dei meiner også at det er blitt lettare å snakke om prostitusjon blant dei unge. Eit slikt samarbeid mellom instansar kan være med å medvirke til at ungdom i "faresonen" blir fanga opp av adekvate hjelpetiltak

8. KVA BØR GJERAST VIDARE?

Auka ressursar og satsing når det gjeld ungdomsprostitusjon

Det er i dag lite kunnskap om ungdomsprostitusjon i Oslo og landet forøvrig. At det er unge under 18 år som har prostitusjonserfaringar i Oslo er dokumenter i NOVA-rapporten. Ungfelt viser også dette. Me meiner det er behov for grundigare og meir omfattande kartlegging og forskning kring ungdomsprostitusjon. Ut i frå våre erfaringar trur me det er mogleg å få oversikt over omfanget dersom ein har tid og ressursar nok.

Me har som nemnd erfart at ungdomsprostitusjon ikkje er lett å få auge på i Oslo sentrum. Moderne teknologi som Internett og mobiltelefonar gjer at det ikkje lenger trengs personleg kontakt for å lage avtaler om sal av seksuelle tenester. Å få meir kunnskap om prostitusjon på

ulike arenaer der ungdom er involvert, og då særskild Internett, bør etter vårt syn vere eit prioritert område.

Førebygging av ungdomsprostituasjon.

I Oslo Kommune sin ”*Handlingsplan mot vold, overgrep og prostituasjon 2000 –2003*” står det at

*Forebygging av prostituasjon innebærer å medvirke til at ungdom ikke oppfatter seg selv som en salgsvare, å lære dem å sette egne grenser og få et mer bevisst forhold til egen kropp og seksualitet*²⁶.

Det er viktig at ulike instansar som kjem i kontakt med ungdom i sitt arbeid set prostituasjon og seksualitet på dagsorden. Slik me ser det treng dei å få kunnskap om prostituasjon, samt arbeidsmetodar for å avdekkje slike erfaringar hos ungdom. Me trur det er av stor verdi at ungdommane får snakke om sine erfaringar til menneske dei allereie har opparbeida seg tillit hjå. I NOVA-rapporten kom det fram at to tredjedelar av ungdommane som oppgav å ha prostituasjonserfaringar var ukjende for hjelpeapparatet. Dette medfører at helse- og sosialarbeidarar må ta opp prostituasjon som eige tema dersom dei ynskjer å nå ungdommar med slike erfaringar.

Me hadde avgrensa ressursar til rådvelde i vårt oppsøkjande arbeid, og meiner det er lite fruktbart å halde fram med oppsøkjande feltarbeid i sentrum på dette nivået. Ein må ha tid til å etablere kontakt med ungdommane. Kompetanseoverføring til instansar som allereie har tillit hjå og jamleg kontakt med aktuelle ungdomsgrupper, vil etter vår oppfatning vere betre utnytting av Pro Sentret sine ressursar, og ein god førebyggande strategi. Me vil prioritera dette framover.

Tydeleg og sakleg informasjon til ungdom om prostituasjon kan vere nyttig i eit førebyggjande perspektiv. Ein kan oppsøkje ungdommane på skular eller på ungdomsklubbar med føredrag eller stands. Dette kan gjere ungdommane betre rusta til å sette egne grenser dersom dei skulle kome opp i situasjonar som kan handla om kjøp og sal av seksuelle tenester. Me trur at diskusjonar med ungdom om prostituasjon er med på å stimulere dei til vidare tenking rundt egne val og handlingar.

²⁶ Byrådsavdelingen for eldre og bydelene (2000)

Pro Sentret peikar i sin rapport om hjelpeapparatets forhold til kommersiell seksuell utnytting av barn og unge, på at eit førebyggjande tiltak mot ungdomsprostituasjon vil vere å informera kjøparar av seksuelle tenester om at det no er straffbart å kjøpe seksuelle tenester av personar under 18 år²⁷. Me har under Ungfelt vorte merksame på at det i instansane me har samarbeidd med har vore mangel på kjennskap til lover som gjeld prostituasjon. Det er særskild grunn til å vere uroleg over at politiet ikkje har større kunnskap om den nye §203 i Straffelova. Det vil difor vere viktig at hjelpeapparatet og politiet får grundig informasjon om lovverket.

9. OPPSUMMERING

I perioden juni til desember 2001 har Pro Sentret hatt eit særskild fokus på unge under 18 år. Målsetjinga har vore å få informasjon og oversikt over unge under 18 år med prostituasjonserfaringar. Me har i perioden sjølve gått oppsøkjande feltarbeid i Oslo Sentrum, i hovudsak i området Oslo S og Oslo City, om lag tre timar i veka. Me etablerte eit samarbeid med Uteseksjonen og i frå juni månad gjekk me også oppsøkjande patruljar saman med dei. Gjennom samarbeid med andre instansar, spesielt Uteseksjonen, har me fått nyttig informasjon om ungdomsmiljøet i Oslo sentrum. Vidare har me formidla vår kunnskap om prostituasjon til samarbeidspartnarar.

Rapporten byggjer på observasjonar me har gjort og informasjon me har fått frå ungdommar, samarbeidspartnarar, brukarar av Pro Sentret og andre om ungdomsprostituasjon i Oslo.

Pro Sentret har i løpet av satsinga ikkje kome i kontakt med nokon under 18 år som har fortald oss at dei har prostituasjonserfaringar. Derimot har me kome i kontakt med ungdom som enten sjølv har fått tilbod om å selje seksuelle tenester eller som kjenner nokon som har fått slike tilbod. Eit fåtal seier dei kjenner andre på sin alder som har prostituasjonserfaring.

Observasjonar me har gjort under Ungfelt, saman med informasjon me har fått frå ungdommar, samarbeidspartnarar og andre gjev sterke indikasjonar på at området rundt Oslo City og Oslo S er eit område der det føregår ungdomsprostituasjon, og at det heilt klårt

²⁷ Straffelova §203

førekjem etterspørsel etter dette. Me har også fått noko informasjon om andre arenaer for ungdomsprostituasjon, men veit lite om omfanget av fenomenet.

Me har opplevd at det kan vere vanskeleg å snakke med ungdom om prostituasjon og at det ikkje er utan relevans kva ord ein bruker om dette fenomenet. Me fekk ulike samtaler med ungdom utifrå kva ord me brukte på prostituasjon. Ungdommane kjente seg meir igjen og delte sine synspunkt om prostituasjon oftare når me brukte nøytrale ord om prostituasjon i samtalene.

Pro Sentret meiner ein treng grundigare og meir omfattande kartlegging og forskning kring ungdomsprostituasjon. Me ser også at kunnskapsoverføring om fenomenet til andre hjelpeinstansar er viktig som eit førebyggjande tiltak. Det er naudsynt at instansar som kjem i kontakt med ungdomar i sitt daglege arbeid set prostituasjon og seksualitet på dagsordenen.

10. LITTERATUR

- Almindelig Borgerlig Straffelov (Straffeloven) av 22. mai 1902 nr. 10.
- Asker og Bærum Budstikke 9. januar 2002: "Lokker 12-åringer med sado-sex".
- Barne- og familiedepartementet (1999) *Norsk oppfølging av Stockholmkongressen mot kommersiell seksuell utnyttning av barn*. Oslo: Barne- og familiedepartementet.
- Byrådsavdelingen for eldre og bydelene (2000) *Handlingsplan mot vold, overgrep og prostitusjon 2000-2003*. Oslo: Oslo Kommune.
- ECPAT Sverige (2001) *Kommersiell sexuell exploatering av barn i Sverige*.
Stockholm: ECPAT Sverige
- Hegna, K. & Pedersen, W. (2000) Barn og unge som seljer sex. *Tidsskrift for Norsk Lægeforening*, 120, 215-220.
- Holmefjord, S. & Pedersen, H. (2000) *Feltobservasjoner fra utekontakten i Bergen: Unge jenter og prostitusjon i Bergen sentrum*. Bergen: Utekontakten.
- Isachsen, M., Gjerpe, R. & Jessen, L. (1996) *Prostitusjonsdebut*. Oslo: Pro Sentret.
- Jessen, L. (1998) *Ung prostitusjonsdebut*. Oslo: Pro Sentret
- Lov om barneverntjenester, 17. juli 1992, nr. 100.
- Norli, B. (2001) *Hjelpeapparatets forhold til kommersiell seksuell utnyttning av barn og unge. Ansatte i hjelpeapparatets kjennskap til, møte med og behov for kunnskap om Mindreårige som er utsatt for kommersiell seksuell utnyttning*. Oslo: Pro Sentret
- NOU 1985:18 *Lov om sosiale tjenester m.v.* Oslo: Sosialdepartementet.
- Ot.prp. nr. 60 (1988-1989) *Om lov om sosiale tjenester m.v.* Oslo: Sosialdepartementet.
- Ot.prp. nr. 44 (1991-1992) *Om lov om barneverntjenester (barnevernlova)*
Oslo: Barne- og familiedepartementet.
- Pro Sentret (2001) *Strategisk plan 2001-2005*. Oslo: Pro Sentret.
- SOU:1995 *Bätkande av 1993 års prostitutionsutredning*. Stockholm: Socialdepartementet.
- Ukemøte (2000) *Barn og Unges rekruttering og videre tilknytning til sentrale rusmiljøer*.
Utgitt av Samarbeidsforum mellom Barnevernvakten, Grønland Politistasjon, Sentrum politistasjon, Rusmiddeletaten og Uteseksjonen.
- Ukemøte (2001) *Barn og Unges rekruttering og videre tilknytning til sentrale rusmiljøer*.
Utgitt av Samarbeidsforum mellom Barnevernvakten, Grønland Politistasjon, Sentrum politistasjon, Rusmiddeletaten og Uteseksjonen.

VEDLEGG 1: MAL FOR FELTRAPPORTAR

Oppsøkjande arbeid rundt Oslo City og Oslo S - Ungfelt

Dato:

Tidspunkt:

Team:

Målsetting:

Arenaer vi har vært på:

1. Miljøbeskrivelse/observasjonar tilknytta ung prostitusjon:

- presisere kva vi ser
- alder på dei tilstedeværende
- kjønn
- antall

Værforhold:

Oslo City:

Oslo S:

Området utanfor Østbanehallen og Oslo S:

Plata:

Andre plassar vi har vært:

2. Kontaktetablering

Kven tok vi kontakt med og kvifor? Registrer navn på dei vi har snakka med:

3. Prostitusjon

Har det blitt observert situasjoner der vi tror det foregår prostitusjon?

Har vi sett /snakka med kjente kunder?

Har vi sett nokon vi tror er kunder? – og kvifor tror vi det?

Aktuell informasjon vi har fått av andre om at det foregår prostitusjon blant unge:

4. Eventuelt

- viktige observasjoner vedr. andre av Pro-sentrets brukere
- etterlysninger
- andre vi har hatt kontakt med

5. Evaluering

Pro Sentret er:

et riksdekkende kompetansesenter for prostitusjon. Vi er også Oslo kommunes hjelpetiltak for kvinner og menn med prostitusjonserfaring. Vi er finansiert ved statlige og kommunale midler. Vi er 15 ansatte og flere frivillige medarbeidere.

SOM KOMPETANSESENTER SKAL VI HA LANDSDEKKENDE VEILEDNINGS- OG KUNNSKAPSFORMIDLINGSOPPGAVER OM:

- kvinnelig og mannlig prostitusjon og barneprostitusjon
 - årsaker og skadevirkninger til prostitusjon
 - gode metoder i sosialt arbeid med personer som prostituerer seg
- Vi skal tenke forebygging og ha et likestillingsperspektiv, samt holde oss ajour med fagutviklingen i Norge og internasjonalt.
- vi skal yte veiledning på forespørsel fra ansatte i hjelpeapparatet
 - svare på henvendelser fraprostituerte over hele landet
 - bistå universiteter, høyskoler og grunnutdanninger med materiell og undervisning og initiere forskning
 - ta imot studenter og hospitanter
 - utarbeide dokumentasjon og bibliotek
 - drive informasjons- og holdningsarbeid.

SOM SOSIALT HJELPETILTAK DRIVER VI:

ARBEID MED ENKELTPERSONER: Et individuelt rettet arbeid står sentralt i vårt tilbud. Utgangspunktet er den enkelte brukers ønske om råd og veiledning, det være seg om økonomiske, juridiske eller sosiale og helsemessige spørsmål. Vi tilbyr også hjelp til endring og personlig vekst. Vi har taushetsplikt.

VARMESTUE: Varmestua er et lavterskeltilbud basert på omsorg og motivasjon. Vi stimulerer brukerne til deltakelse i driften. Vi initierer miljøtiltak og har fokus på bedret helse. En skadereuserende profil samt rehabilitering er metoder i arbeidet.

OPPSØKENDE ARBEID I PROSTITUSJONSMILJØENE: Hovedmål er helseopplysning og forebygging. Et særlig fokus på unge i prostitusjonen er viktig.

ARBEID MED MANNLIG PROSTITUSJON: En egen innsats overfor menn og gutter i prostitusjonen er nødvendig. Målsettinger i arbeidet er både å yte sosial hjelp, og arbeide for å avmy(s)tifisere mannlig prostitusjon, erstatte tabuer og fordommer med innsikt og viten.

PROSJEKTER/GRUPPEARBEID: Siden Pro Sentret startet i 1983 har vi sett det som viktig å være åpne for prosjekter og gruppevirksomhet, både for å undersøke/kartlegge et område eller prøve ut nye metoder.

Pro Sentret tror at:

Alle mennesker er født frie og med samme menneskeverd og menneskerettigheter. De er utstyrt med fornuft og samvittighet og bør handle mot hverandre i brorskapets ånd. (fra menneskerettighetserklæringen)

Pro Sentret ønsker å bygge sitt arbeid på det beste i vårt samfunns humanistiske tradisjon. Prostitusjon er ikke en egenskap ved mennesker, men en handling. Vi ønsker å se enkeltmennesket i et helhetlig perspektiv. Samfunnet trenger å vise solidaritet med kvinner og menn som selger sex. Vi må se dem som subjekter i egne liv og ha respekt for deres valg. Vi ønsker å bryte ned myter og fordommer med innsikt og viten og vil arbeide for at samfunnet ikke brennmerker de som deltar i prostitusjonen. Prostitusjon foreligger når minst to parter kjøper, respektivt selger seksuelle tjenester. Samfunnet bør ha en betydelig forebyggende innsats mot prostitusjon og et godt sosialt tilbud til de som vil ut av det. Arbeidet må være basert på en ikke - fordømmende holdning.

Pro Sentret
OSLO KOMMUNE

Tollbugaten 24 / N-0157 Oslo / Norway
Tlf. +47 23 10 02 00 / Telefaks: +47 22 41 05 44 / E-mail:
prosentret@bgo.oslo.kommune.no
www.prosentret.no

